



Stø kurs! Nye perspektiv!

Hallvard Tjelmeland

Professor emeritus, UiT Norges arktiske universitet

hallvard.tjelmeland@uit.no

Eg takkar redaksjonen av *Arbeiderhistorie* for høvet til å reflektera rundt årboka og perspektiv på framtida. Eg følgde forløparen *Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie* (TFAH) frå første nummer og første årgang i 1976. Tidsskriftet var svært viktig for oss studentar som var interessert i arbeidarrørslas historie, anten vi studerte historie eller ikkje. I dei politiserte faglege debattane som gjaldt den gongen, vart historia aktivisert i diskusjonane om vegval på venstresida og arbeidarrørsla allment. Men det er klart at viktigast vart TFAH for oss som satsa på historie som fag og valte tema frå arbeidarhistorie. Det var kombinasjonen av ny kunnskap om arbeidarrørslas historie og diskusjonar om teoretiske og metodiske tilnærmingar som ga oss historiestudentar på venstresida tryggare grunn under føtene.

Konjunkturane for arbeidarhistorie har svinga og var nok nede i ein bølgedal då TFAH vart lagt ned i 1986 og erstatta av årboka *Arbeiderhistorie* året etter, med eit sterkt institusjonelt vern under Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek. Det er heilt forbløffande korleis *Arbeiderhistorie* sidan har halde stillinga, med eit relativt høgt og stabilt tal på abonnentar og har vunne ein posisjon som ein vitskapleg publikasjon som blir lagt merke til og har eit godt omdømme. Årboka har vidareført dei sidene ved forgjengaren som eg har framheva ovanfor: Ei brei tilgang til arbeidarhistoria som både omfattar den politiske og faglege delen av arbeidarrørsla og historia til dei sosiale gruppene ho kviler på.

Arbeiderhistorie speglar alt det historiefaglege arbeidet som er innanfor den breie arbeidarhistoria – her kan den nyslåtte masteren i historie presentera funna sine, her bidrar etablerte historikarar ved universitet og høgskolar, her skriv historikarar med bakgrunn i skole- og museumsverket, her er alle generasjonar representert. Det er ei stor styrke for årboka, og dei røtene ho har i arbeidarrørslas eigne institusjonar gjer at ho også når breiare ut enn vitskaplege tidsskrift elles. At *Arbeiderhistorie* har blitt definert som ein vitskapleg publiseringskanal, har gjort det lettare å få folk i vitskaplege stillingar til å prioritera å skriva her, og det har gitt tyngde i det faglege ordskiftet.

Til dette kjem at *Arbeiderhistorie* også har fornya seg undervegs, ved at det tematiske spekteret har blitt breiare og ved at nye impulsar i faget har slått inn, slik som sterkare vektlegging av kulturelle faktorar på eit felt som gjerne har vore dominert av enkle klassekategoriar og sosioøkonomiske variablar i analysane. Alt dette helsar eg velkomen, sjølv om gamle innsikter som gjeld betydninga av materielle faktorar og klassetilhøve vanskeleg kan kastast på historias skraphaug. Vi blir dagleg minna på at arbeid-kapital-relasjonane framleis pregar arbeidslivet, i ei tid der ulikskapane har auka og arbeidslivet har blitt meir brutalt. Det er

inga teikn til at *Arbeiderhistorie* skal fjerna seg frå utgangspunktet i arbeidarhistorie i brei forstand, at klassesdimensjonane skal gå tapt i nye intellektuelle motar.

Ut frå denne analysen av utviklinga til *Arbeiderhistorie* ser eg inga grunn til å koma med tilrådingar om kursendringar. Eg stør opp om det teoretiske, metodologiske og empiriske mangfaldet som herskar her. Den kombinasjonen av ei viss tematisk spissing i dei ulike utgåvene og innslag av artiklar utanfor hovudtemaet fungerer godt og gjer at dei fleste vil finna noko av interesse i kvart nummer. Men årboka kan ikkje stå stille, fornyinga vil primært – slik eg ser det – koma ved at det blir utvikla nye perspektiv. Så i framhaldet vil eg nøya meg med å peika på tre område eg sjølv har sysla med i nokre år og der eg trur det framleis er mogleg å utvikla nye innsikter og perspektiv, sjølv om ein del er gjort på alle desse områda.

Det første gjeld spørsmålet om arbeidarrørslas forhold til religion. Innanfor marxismen har religionen gjerne blitt sett på som noko som tilhøyrrer fortida og tradisjonalistiske samfunn. Her har ein gjerne sett arbeidarklassen som den første sekulære klassen i verdshistoria. Dette har blitt oppmjuka gjennom mange arbeid dei seinare tiåra. Forholdet mellom kristendom og sosialisme før 1940 er til dømes temaet for Nils Ivar Agøy i det omfattande arbeidet frå 2011, «Kirken og arbeiderbevegelsen». Den sterke oppslutninga Arbeidarpartiet fekk i den læstadianske rørsla i Nord-Norge er påpeikt av fleire historikarar, blant anna av mine kollegar Henry Minde og Einar-Arne Drivenes (sjå blant anna drøftinga av dette i bind 1 av verket *Nordnorsk kulturhistorie* frå 1994). Det er gjort fleire studiar av kristensosialistane på Vestlandet, særleg i Stavanger. Det siste vil det bli kasta endå meir lys over når Arnhild Skre sin *Furre*-biografi kjem på marknaden.

Temaet «arbeidarklassen og kristendommen» har fått nye tilskot i nyare utgivingar som gjeld Norges kommunistiske parti (NKP) på Vestlandet. NKP er interessant i denne samanhengen fordi partiet frå starten var erklært ateistisk og kommunistane gjerne stod fram som ateistar. NKP har blitt sett på som det mest reine arbeidarpartiet og såleis også som det mest sekulære. Agøy peiker i si bok på at det ikkje var heilt så enkelt.¹ Jan Magne Arntsen har i boka om den kommunistiske motstandsorganisasjonen Tjemsland-gruppa i Stavanger vist korleis fleire av dei leiande i denne gruppa rekna seg som både kommunistar og kristne, alle med arbeidarbakgrunn.² I ein oppfølgjar hausten 2021 viser han litt av det same i ei bok som ser på lagnaden til Stavanger-kommunistane under den kalde krigen.³ Torgrim Titlestad, ein av nestorane innanfor NKPs historie, har likeins vist i sin sjølvbiografi korleis sterk radikalisme kunne eksistera parallelt med religiøs tru i delar av familien.⁴ Temaet «arbeidarrørsla og religion» har jo samtidsrelevans, med innvandringa frå kulturar der religionen har sterkare feste enn i Norge.

Dette innslaget av kombinasjon av sosialisme og kristendom, også i den mest radikale, kommunistiske varianten, på Vestlandet og i Nord-Norge, peiker mot mitt andre punkt der eg meiner nye perspektiv kan utviklast, nemleg den regionale variasjonen i norsk arbeidar-rørsl. Det er ikkje eit nytt tema. Det har stått sentralt i diskusjonen om særdrag ved den nordnorske arbeidarrørsla, særleg knytt til fiskarbondesosialismen og den særeigne legeringa av sosialisme og religion i den læstadianske rørsla. Sjølv har eg i ein artikkel diskutert kor vidt nærleiken til Russland/Sovjetunionen og erfaringar med naborelasjonar austover kan ha gitt eit særpreg i den politiske kulturen i nordnorsk arbeidarrørsl.⁵ Statsvitaren Stein Rokkan sin regionhistoriske modell har vore mykje brukt i studiet av regionale særdrag ved

1. Agøy 2011: 333.

2. Arntsen 2018.

3. Arntsen 2021

4. Titlestad 2020.

5. Tjelmeland 2020.

den nordnorske arbeidarrørsla, men eg trur det er eit stort potensiale for også å gå nærare inn på regionnivået elles i landet for å kunna drøfta samspelet mellom kulturelle, politiske og sosio-økonomiske variablar, gjerne i eit komparativt nasjonalt og internasjonalt perspektiv. Den sterke mobiliseringa av regionalisme i samband med den siste regionreforma viser samtidsrelevansen av dette temaet.

Og då er eg framme ved eit tredje perspektiv på forståinga av arbeidarrørslas utvikling, som handlar om å bryta ut av den skarpe todelinga i tradisjonen for å skriva arbeidarrørslahistorie, i grunnplansnivået og elitenivået, der det første handlar om kollektiv organisering og det andre om arbeidarrørslas politiske strategiar, slik dei leiande sjikta i arbeidarrørsla, særleg Arbeidarpartiet som det dominerande, har utforma dei. I eit stadig pågåande arbeid med ein biografi over redaktøren, ordføraren og stortingsrepresentanten Ingvald Jaklin frå Tromsø, vart eg merksam på kor viktig dette sjiktet i arbeidarrørsla har vore som formidlar mellom grunnplan og elite, som sender signal både opp og ned og bidrar til å halda rørsla saman og kraftfull. Jaklin var ein organisk intellektuell, med røter både i den nordnorske fiskarbondesosialismen og i arbeidarmiljøa i bysamfunna i nord. Det har tynnast kraftig ut i rekkene av slike mellommenn og -kvinner, noko som nok er ein del av forklaringa på sosialdemokratiet si krise i vår tid. Nettopp difor har det samtidsrelevans å studera korleis vekselverknaden mellom elite og grunnplan var tidlegare, då arbeidarrørsla var ei tyngre samfunnskraft enn i våre dagar.

Det eg har kasta ut her, er bare eigne refleksjonar på kva nye perspektiv som kunne vera fruktbart å reisa i åra framover. Men som eg skreiv innleiingsvis: Eg ser det ikkje som nødvendig å korrigerer kursen for ei årbok som fungerer så godt og som har fått så stor betydning som *Arbeiderhistorie*, men skiftande tider vil opna for nye perspektiv og nye samanhengar. Slik kan årboka også gjera seg relevant for nye generasjonar. Difor overskrifta på dette vesle bidraget frå meg: Stø kurs! Nye perspektiv!

Litteratur

- Agøy, N. I. (2011). *Kirken og arbeiderbevegelsen. Spenninger, skuffelser, håp. Tiden fram til 1940*. Fagbokforlaget.
- Arntsen, J. M. (2018). *En fortiet historie. Tjemsland-gruppa og kommunistisk motstand i Stavanger 1940–1945*. Piren Forlag.
- Arntsen, J. M. (2021). *Krigens vinnere og fredens tapere. Kommunistiske motstandsfolk i krigens skygge*. Piren Forlag.
- Titlestad, T. (2020). *Ustoppelig. En røst fra den kalde krigens Norge*. Omnibus.
- Tjelmeland, H. (2020). The Impact of the October Revolution on the North-Norwegian Labor Movement. I K. A. Myklebost, J. P. Nielsen & A. Rogatchevski (Red.), *The Russian Revolutions of 1917: The Northern Impact and Beyond*. Academic Studies Press.